


Julie sende flaskeposten.

02.10.2016



(OPPDATERT.) Solveig Strømme Frøyenes er på haustferie i Uskedalen, og då dei var ute og sette teiner laurdag, fann dei ein flaskepost. Funnet av flaskeposten er publisert på Rabben Feriesenter si facebook-side, og de ser den på bildet her. No lurar vi på om nokon har kjennskap til den.

Flaskeposten vart funnen i ei lita vik utanfor Uskedal trelastlager. Den har fått noko slitasje gjennom åra, men finnaren har brakt på det reine at den er sendt frå Uskedal båthamn for ca.15 år sidan så den har brukt lang tid på den korte turen.

Vi kan også skimta eit telefonnummer, eller deler av det. Kanskje nokon av lesarane våre drar kjensel på brevet som var i flaska? Det hadde vore kjekt om vi i fellesskap kunne funne ut meir om dette. Derfor set vi stor pris på om dei som har opplysningar, sender dei til [uskedalen.no@gmail](mailto:uskedalen.no@gmail.com) eller 932 88 237, eller tar kontakt direkte med finnaren Solveig Strømme Frøyenes. Del den også gjerne på facebook, så skal vi nok finna ut av det.

Avsendaren er no oppspora. Julie Myklebust har teke kontakt og fortalt at det var ho som sende denne flaskeposten. Ho har også vore i kontakt med finnaren. Flaskepostar er spennande, og denne hadde ikkje reist langt på alle dei åra. Tusen takk til Julie for kjapp respons!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Privat